



Arkivnr: 2016/4186-1

Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.04.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Evaluering av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar

### Samandrag

Fylkesrådmannen har gjennomført ei intern evaluering av samarbeidsregionane til Hordaland fylkeskommune som ei direkte oppfølging Fylkestinget si behandling av handlingsplanen til Internasjonal strategi. Evalueringsspørsmåla var: Kva samarbeidsrelasjonar er bygd opp? Kva resultat har ein oppnådd? Er samarbeidsregionar eit viktig verktøy i det internasjonale samarbeidet? Basert på dei resultata som er oppnådd i samarbeidsrelasjonane konkluderer evalueringssrapporten at samarbeidsregionane er eit viktig verktøy for å nå måla i den internasjonale strategien. Kritiske suksessfaktorar er politisk forankring på begge sider, regelmessig kontakt, administrative ressursar tilgjengeleg, strategiske kvalitetar ved samarbeidsregionen og lik næringsstruktur. Jo fleire av desse faktorane som er oppfylte, jo betre resultat har ein oppnådd av samarbeidet. Samarbeidet med Nedre-Normandie oppfyller flest av desse kriteria og Kaunas færrest. Eit generelt funn er at der det er opparbeidd eit tillitsforhold mellom regionane, har det vist seg enklare å få til samarbeidsaktivitetar. Etablering av hordalandsklassar i samarbeidsregionane er eit godt døme på dette.

Det som fylkesutvalet blir bede om å vurdere nærmare er korleis samarbeidsrelasjonane skal haldast vedlike, kva ambisjonsnivået for samarbeidet bør vere og om samarbeidet kan avgrensast på nokon måte.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar.  
I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Ved juletretenningane i Edinburgh og Orknøyene og ved opninga av Festivalen «Les Boréales» ynsker fylkesutvalet at HFH politisk er representert på same nivå som i vertskapsregionane. Arrangementa kan og nyttast som ein arena for administrasjonen til utvikling av faglege samarbeidsaktivitetar etter behov.
4. Juletretenninga i Cardiff skal ikkje takast oppatt.
5. Fylkesutvalet stiller seg positive til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
6. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjenvæst i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.04.2016**

## 1. Bakgrunn

Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune (2013 - 2016) har som målsetting at det internasjonale arbeidet skal bidra til:

- 1) Ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region
- 2) At ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar

Strategiane for å oppnå desse målsettingane er som følgjer:

1. Samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar
2. Påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet
3. Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar
4. Auke den internasjonale kompetansen
5. Vidareutvikle den faglege kompetansen gjennom internasjonal erfarringsutveksling

Samarbeidsregionar er eitt av fem hovudverkty som Hordaland har for å kunne gjennomføre desse strategiane. Av handlingsplanen for Internasjonal strategi framgår det at samarbeidet med desse regionane skal evaluerast med tanke på ressursutnytting og måloppnåing og eventuelt oppretting av nye samarbeidsregionar.

Fylkesrådmannen har gjennomført ei intern evaluering av samarbeidsregionane (sjå vedlagte rapport). Dei spørsmåla denne evalueringa skal gje svar på er:

1. Kva former for samarbeidsrelasjonar er bygd opp over tid?
2. Kva resultat har ein oppnådd?
3. Er samarbeidsregionar eit nyttig verktøy i det internasjonale arbeidet?

Rapporten er basert på dokumentgjennomgang og intervju med direktørane i dei tre avdelingane som har vore mest aktive i høve samarbeidsregionane; Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga. I tillegg har vi innhenta synspunkt og erfaringar frå andre tilsette i desse avdelingane som har vore involvert i arbeidet. Det er ikkje innhenta synspunkt på samarbeidet frå samarbeidsregionane sin ståstad.

## 2. Om samarbeidsregionane

Med samarbeidsregionar meinast regionar i Europa som Hordaland fylkeskommune har faste samarbeidsrelasjonar med. Hordaland fylkeskommune har signert fire generelle samarbeidsavtalar med høvesvis Orknøyane i 1983, Cardiff i 1992, Nedre-Normandie i 1993 og Kaunas i 1998. I tillegg har Hordaland fylkeskommune ein avtale med Freistaat Thüringen om næringssamarbeid og ein avtale med byen Erfurt i Thüringen om hordalandsklassar (Vg2 i utlandet). Fylkeskommunen har og eit tett, men ikkje-formalisert samarbeid med Edinburgh. Utover dette har fylkeskommunen eit tett samarbeid med andre regionar kring Nordsjøbassenget gjennom Nordsjøkommisjonen. Dette er ein politisk organisasjon som har som føremål å påverke EU sin politikk, men blir og brukt som ein arena for prosjektutvikling. Dette samarbeidet inngår ikkje i denne evalueringa.

Det er Regionalavdelinga ved seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse som koordinerer arbeidet retta mot samarbeidsregionane.

### **3. Oppsummering av evalueringssrapporten**

#### **3.1 Fleire «fundament» for samarbeidet**

Dei faste samarbeidsrelasjonane som Hordaland fylkeskommune har med seks europeiske regionar er basert på historiske band og tradisjonar, formaliserte avtalar med regionen og institusjonelt samarbeid. Desse er delvis overlappande.

Fem av seks samarbeidsregionar er etablert på bakgrunn av felles historie. Dette er Orknøyene, Cardiff, Nedre Normandie, Kaunas og Edinburgh. Vikingtida og 2. verdskrig har bidratt spesielt til å utvikle desse banda. Den norske sjømannskyrkja har også spela ei viktig rolle i to av samarbeidsregionane. Dei historiske banda er blitt styrka ved at Hordaland har gitt eit juletre i gave kvart år og at politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen har deltatt på juletretteninga. Dette er tilfelle i Edinburgh, Orknøyene og Cardiff. I Nedre-Normandie har politisk og administrativ leiing deltatt på opninga av Festivalen «Les Boréales», som er den største nordiske festivalen utanfor Norden. Kaunas har kvart år invitert fylkesordføraren til Hansadagane i sin region, men dette er ikkje blitt prioritert frå politisk leiing i Hordaland. Desse arrangementa har blitt nytta som ein arena for å knytte kontaktar og utvikle fagleg samarbeid.

For å formalisere dette samarbeidet og lage ei ramme kring samarbeidsaktivitetar er det inngått breie samarbeidsavtalar med fire regionar, Orkney Council, Cardiff council, Regionen Nedre-Normandie og Kaunas. Det er ikkje inngått samarbeidsavtale med Edinburgh County Council. Spesifikke samarbeidsavtalar er inngått med delstaten Thüringen/byen Erfurt innanfor næringsutvikling og utdanningssamarbeid. Alle avtalar er underteikna politisk, men det krevjast administrative ressursar for å følgje dei opp.

I tillegg til den administrative kontakten med samarbeidsregionen er det inngått samarbeidsrelasjonar med andre institusjonar i regionen. I Nedre-Normandie og Kaunas er denne kontakten formidla via regionsadministrasjonen. I dei andre regionane har det vore lite administrativ kontakt. Her har samarbeidsrelasjonane blitt oppretta via direkte kontakt med institusjonane. Konsulatet på Orknøyene og i Edinburgh har vore medverkande til dette.

#### **3.2 Gode resultat spesielt innan kultur og utdanning**

Samarbeidet med dei definerte samarbeidsregionane har gitt ein gevinst for hordalandssamfunnet i tråd med Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune. Dei beste resultata har ein oppnådd innan kultur og utdanning. På kulturfeltet er det samarbeidet med Historic Scotland og University og Highland og Islands i Skottland om kulturminnevern, samarbeidet med St Magnus-festivalen og skolekonsertane på Orknøyene og samarbeidet knytt til festivalen «Les Boréales», kunstnarutveksling og den kulturelle skulesekken samt samarbeidet på museumsfeltet i Nedre-Normandie som har vore viktigast. Dette har gitt positive kulturelle impulsar til hordalandssamfunnet og har også gitt kunstnarar frå Hordaland moglegheiter til å opptre/vise sin kunst fram for eit større publikum.

På utdanningsfeltet har etableringa og drifta av hordalandsklassane (vg2 i utlandet) i Cardiff, Normandie og Thüringen vore svært vellukka. Det er også planar om etablering av ein hordalandsklasse i Edinburgh. Det vil bli lagt fram ein politisk sak om dette til hausten. Denne utdanninga inngår som ein del av det ordinære vidaregåande utdanningsløpet til elevane. Bilateralt samarbeid mellom einskildskular og intensjonsavtalar om utveksling av elevar og lærlingar innan Erasmus+-programmet er ein tilleggseffekt av dette samarbeidet, som har gitt gode resultat i seg sjølve. Utdanningsarbeidet har gitt ungdommar i Hordaland internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar som er spesielt viktig i ei urolig tid for Europa med skjerpa kulturelle motsetningar.

Utover dette har samarbeidsregionane gitt høve til erfaringsutveksling knytt til næringsutvikling, både når det gjeld arbeidsmetodar og utviklinga av spesielle næringar. Gjennom samarbeidet med Normandie har fylkeskommunen hatt tett kontakt med innovasjonsselskapet Miriade og både Business Region Bergen, Nyskapingsparken og BTO har testa ut deira arbeidsmetodar i sitt arbeid. Den nyoppredda kontakten med Edinburgh Centre for Carbon Innovation og Marine Scotland gir også grobotn for auka læring og samarbeid.

Eit vellukka prosjektsamarbeid innan næringsutvikling har fylkeskommunen kun hatt med Thüringen, der Hordaland fylkeskommune finansierte deltakinga gjennom Regionalt utviklingsprogram og Thüringen nutta midlar frå EU sine strukturfond. Denne modellen var ikkje mogleg å vidareføre i ny programperiode i EU og samarbeidet blei derfor avslutta. Det som har lukkast er å kople på aktørar i samarbeidsregionane på prosjekt innan Erasmus+ og spesielt Aktiv Ungdom. Dette er gjort både i Normandie, Cardiff, Kaunas og Thüringen. Fylkeskommunen har også deltatt i prosjekt finansiert av EØS-midlar etter initiativ frå Kaunas. Alle desse prosjekta har bidratt til å løyse felles utfordringar i regionane.

Det kan sjå ut som om at Hordaland har hatt større gevinst av samarbeidet enn samarbeidsregionane ved at vi sender ut fleire elevar, lærlingar, kunstnarar, musikarar, etc enn det vi tek i mot sjølve. Samstundes er det ei gevinst for samarbeidsregionane i å ta i mot desse gruppene når dei sjølve ikkje har ressursar til å sende ut tilsvarende.

### **3.3 Samarbeidsregionane er eit nyttig verktøy for det internasjonale arbeidet**

Samarbeidsregionar har vist seg å vere eit nyttig verktøy for internasjonalt samarbeid når ein eller fleire av følgjande faktorar er til stades:

- At samarbeidet er politisk forankra både i Hordaland fylkeskommune og i samarbeidsregionen. Dette er aller tydelegast i Nedre-Normandie.
- At det er regelmessig kontakt både på politisk og administrativt nivå. Dette har vore enklast å få til når man har hatt årlege møtepunkt slik som juletretenning i Edinburgh, Cardiff og Orknøyene og opninga av Festivalen «Les Boréales» i Nedre-Normandie.
- At det er administrative ressursar til å følgje opp samarbeidet i samarbeidsregionen. Nedre-Normandie og Kaunas har begge eit internasjonalt kontor som tar seg av dette.
- At samarbeidsregionen har særeigne kvalitetar som gjer at det er attraktivt for aktørar i Hordaland å reise til denne regionen enten i form av utveksling eller andre typar av samarbeid. Språk, kultur og historie er døme på slike kvalitetar.
- At det er likskap i næringsstruktur. Det gjer det lettare å finne felles utfordringar som ein kan løyse saman eller utveksle erfaringar om. Skottland/Edinburgh og Thüringen er døme på dette.

Samarbeidet med Nedre-Normandie oppfyller flest av desse kriteria, medan samarbeidet med Kaunas tilfredsstiller berre eitt av desse. Det som held liv i samarbeidet med Kaunas er at det er administrative ressursar på kvar side som formidlar kontakt mellom aktørar som er interessert i samarbeid.

Generelt kan det seiast at når det er opparbeidd tillit i relasjonen basert på nokre aktivitetar, vil dette gjere det lettare å få i gang aktivitetar på eit anna område. Dette er spesielt tydeleg for etableringa av hordalandsklassar. At det allereie var ein relasjon basert på kjennskap og tillit har gjort det lettare å etablere hordalandsklassar både i Cardiff, Nedre-Normandie og Thüringen og det har gjort det lettare å få kontakt med skolar i Edinburgh-området med tanke på å etablere ein ny hordalandsklasse der.

## **4 Fylkesrådmannen sine vurderingar**

I evalueringsrapporten blir det peika på følgjande punkt som bør vurderast nærmare når ein skal ta vurdere om korleis ein beset mogleg skal lukkast med satsinga på samarbeidsregionane i tida framover:

- *Vedlikehald av samarbeidet*  
Samarbeidsrelasjonar og den gjensidige tilliten som er skapt må haldast ved like for at ein skal få til samarbeidsaktivitetar med gode resultat for hordalandssamfunnet. Dette kan best gjerast gjennom politisk forankring og regelmessig kontakt.
- *Ambisjonsnivå for samarbeidet*  
Aktivetsnivået går opp og ned over tid i samarbeidsregionane, og samarbeidsaktivitetar etablerast og avsluttast. Alle samarbeidsaktivitetar bør vurderast i høve til vedtatte planar og strategiar i fylkeskommunen for å sikre at ein nyttaressursane på dei områda som er prioriterte.
- *Avgrensing av samarbeidet*

Samarbeidsregionane viser seg å vere spesielt godt eigna til samarbeidsaktivitetar innan utdanning og kultur og erfaringsutveksling innafor fylkeskommunen sine arbeidsfelt. Utvikling av samarbeidsprosjekt knytt til næringsutvikling og klima og miljø har vore vanskeleg å få til med unnatak av næringssamarbeidet med Thüringen. Det som har vore vellukka har vore å kople på samarbeidsregionane og aktørar i samarbeidsregionane i prosjekt som er under utvikling dersom det er relevant og nyttig.

#### **4.1 Vedlikehald av samarbeidsrelasjonane**

Det som har vist seg å vere to av suksessfaktorane i samarbeidsrelasjonane er politisk forankring på begge sider og regelmessige møtepunkt både politisk og administrativt. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å lukkast, men det har vore ein god måte å vedlikehalde relasjonane på. I Edinburgh, Orknøyene og Cardiff er det juletretenningane som har fungert som eit slikt møtepunkt, medan i Nedre-Normandie har det vore opninga av Festivalen «Les Boréales». I Cardiff har dette ikkje vore tilstrekkeleg for å vidareføre samarbeidsaktivitetane, med unnatak av Hordalandsklassen. Juletretenninga i Cardiff blei avvikla på initiativ frå Cardiff Council. Eg vurderer det ikkje som føremålstenleg å ta denne tradisjonen opp att.

Formelle arrangement har fungert som ei høgtideleg ramme rundt besøket og faglege samtalar. På den europeiske arenaen blir politisk involvering i det internasjonale samarbeidet vektlagt, kanskje i større grad ein i Noreg, og ein er opptekne av at representasjonen på politisk nivå matcher på begge sidene. Utan unnatak er det ordførar/borgarmeister/president/visepresident som har vore vertskap i samarbeidsregionane, og då bør den politiske representasjonen frå Hordaland som hovudregel vere på same nivå, dvs. fylkesordførar eller fylkesvaraordførar.

#### **4.2 Ambisjonsnivå for samarbeidet**

Eit anna spørsmål er kva ambisjonsnivå Hordaland fylkeskommune skal ha for samarbeidet med samarbeidsregionane. Eg vurderer det ikkje som eit mål i seg sjølvé å ha eit høgast mogleg aktivitetsnivå i alle regionane til einkvar tid. Som det blir påpeikt i evaleringsrapporten går aktivitetsnivået opp og ned, med unnatak av hordalandsklassane som er det stabile elementet i relasjonane. Dette er meir ein styrke ved samarbeidet enn eit problem. Samarbeidsrelasjonar som blir vedlikehalde regelmessig kan aktiviserast når behovet for nye samarbeidsaktivitetar oppstår. Alle slike aktiviteter må vurderast opp mot måla i vedtekne planar og strategiar.

#### **4.3 Avgrensing av samarbeidet**

Av dei eksisterande samarbeidsregionane ønskjer Opplæringsavdelinga å prioritere dei regionane der dei har/planlegg å etablere hordalandsklassar; Nedre-Normandie, Thüringen, Cardiff og Edinburgh. Her er det eit stort utnytta potensiale for bilateralt samarbeid mellom skolane, men også større grad av gjensidigkeit. Utdanningsdirektøren i Erfurt har signalisert at dei ønskjer eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune på fleire område enn i dag. Det same har utdanningsdirektøren i Cardiff gjort.

Kultur- og idrettsavdelinga ønskjer å prioritere Nedre-Normandie som dei allereie har eit godt og breitt samarbeid med, og å vidareutvikle samarbeidet med Edinburgh og Orknøyene med utgangspunkt i Historic Scotland. Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med Nedre-Normandie og Skottland/Edinburgh er vedteken i regional kulturplan.

Regionalavdelinga har hatt stor nytte av å utveksle erfaringar med aktørar i samarbeidsregionane. Utover dette har avdelinga mest fokus på å utvikle samarbeidsprosjekt med andre europeiske regionar for å løyse spesielle utfordringar. Så langt har ein ikkje klart å finne tema og partnarar i samarbeidsregionane, og heller ikkje modell for samarbeid, med unnatak av næringssamarbeidet med Thüringen som no er avslutta. Nordsjøkommisjonen blir vurdert som ein betre arena for prosjektutvikling enn samarbeidsregionane. Regionalavdelinga ønskjer difor ikkje å aktivt søkje å identifisere samarbeidsprosjekt i spesielle regionar, men heller kople på aktørar i samarbeidsregionane når partnarskap skal etablerast i ein prosjektutviklingsfase dersom det vil gje ein meirverdi for prosjektet. Regionalavdelinga vil også kunne vere interessert i å gå inn som partnar i prosjekt som er initiert i ein samarbeidsregion dersom det er i tråd med vedtatte planar og strategiar. Regionar med lik næringsstruktur som Hordaland og dermed felles

utfordringar, kan difor vise seg å vere føretrekte prosjektpartnarar over tid. Skottland er eit satsingsområde for Regionalavdelinga, Thüringen har vore det og Normandie kan bli det når Øvre og Nedre Normandie no er slått saman.

Kaunas er den einaste samarbeidsregionen som ingen av dei tre avdelingane har uttrykt eit ønskje om å prioritere. I utgangspunktet ønskjer ein å samarbeide med nokon som er mest mogleg lik seg sjølv. Det kan likevel vere gode grunnar for å samarbeide med eit aust-europeisk land. EØS-midlane gjer at det kan vere lettare å få i gang prosjekt i Kaunas enn i dei andre samarbeidsregionane, men det er dei sjølve som må stå som søker av desse midlane og initiere prosjekta. Kaunas er den samarbeidsregionen som er mest aktiv i å sende førespurnader til Hordaland fylkeskommune om deltaking i moglege samarbeidsprosjekt. Av solidaritetsomsyn vil fylkeskommunen vurdere slike førespurnader og dele våre erfaringar gjennom prosjektdeltaking.

I fortsetjinga bør Hordaland fylkeskommune prioritere Normandie og Skottland vi/ Orknøyene og Edinburgh. Etter samanslåinga av Øvre og Nedre Normandie er det ønskeleg å inngå ein ny samarbeidsavtale med Normandie med utgangspunkt i prioriteringane ovanfor. Skottland som region er det viktig å ha tett samarbeid med. Her vil både Orknøyene og Edinburgh være nyttige inngangsportar, i tillegg til Aberdeenshire som Hordaland fylkeskommune samarbeider med gjennom Nordsjøkommisjonen.